



Saksbehandlar: Eva Moberg, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/9668-2

Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2017

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 16.12.16 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2017 til vitande.
2. Fylkeskommunen ser positivt på at delegering av nye oppgåver på kulturminnefeltet vert sett i samanheng med den føreståande regionreforma. Oppbygging av kapasitet og kompetanse til å ta imot nye oppgåver må sjåast i samanheng med omfanget av delegeringa og korleis dette vert kompensert frå staten sin side.

Vedlegg:

- Prioriteringsbrev frå Riksantikvaren av 16.12.16.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Vedlagt ligg årleg prioriteringsbrev frå Riksantikvaren. I brevet gjer Riksantikvaren greie for nasjonale mål og prioriteringar for kulturminneforvaltninga slik desse er omtalt i politiske styringsdokument og i statsbudsjettet for 2017.

I tillegg gjer brevet greie for ønsker og mål for samarbeidet med regional kulturminneforvaltning (fylkeskommunane). Prioriteringsbrevet for 2017 skil seg noko ut frå tidlegare år, der del II av brevet var retta mot den einskilde fylkeskommune. Dette er no teke ut, då Riksantikvaren legg opp til ein eintydig og klar kommunikasjon med den samla regionale forvaltninga.

Den årlege politiske handsaminga av denne saka går som tilbakemelding til Riksantikvaren.

2. Riksantikvaren sine prioriterte satsingar

Riksantikvaren har på bakgrunn av Statsbudsjettet for 2017, Stortingsmelding 35 (2012-13) og nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging som er gjeve i kongeleg resolusjon, prioritert følgjande oppgåver som dei viktigaste:

I regionalmeldinga «Nye folkevalgte regioner – roller, struktur og oppgaver» (Meld. St. 22, 2015-2016) vert det rådd til å overføre oppgåver og funksjonar på kulturminnefeltet frå Riksantikvaren til regionalt folkevalt nivå. Dette under føresetnad av at det vert bygt opp tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet i regionane. Riksantikvaren er no i dialog med Klima- og miljødepartementet om konkretisering av slik overføring og er i gong med å førebu delegering av oppgåver. Riksantikvaren ber om at fylkeskommunane har ein beredskap på dei endringane som regionalreforma vil ha på kulturminnefeltet og at det vert lagt inn ressursar med tanke på komande endringar.

Riksantikvaren ynskjer at fylkeskommunane skal følgje opp verdsarvstadane gjennom deltaking i råd og faggrupper, utarbeiding og implementering av forvaltningsplanar, rådgjeving og tilskotsforvaltning, etablering og drift av verdsarvsentra og medverknad i arealplanlegging. Dei signaliserer også at dei ynskjer ei skjerpa forvaltningspraksis som sikrar ivaretaking av verdsarvverdiane.

Riksantikvaren ber fylkeskommunane om å gjere ein innsats for å få kommunane som er i gong med å utarbeide kulturminneplaner til å fullføre arbeidet, samt få resten av kommunane i gong med arbeidet.

Riksantikvaren ber fylkeskommunane om å gje høgaste prioritet til arbeidet med å avslutte fredingssaker som har hatt oppstart før 2013.

3. Fylkesrådmannen sine vurderingar

Fylkesrådmannen ser det som positivt at vurderingar av framtidig ansvars- og oppgåvedeling innafor kulturminneforvaltninga no inngår som del av regionalmeldinga og at framtidig delegering av oppgåver og funksjonar til regionalt nivå vert kopla opp mot den føreståande regionreforma. Dette er i tråd med dei innspela som er gjeve i FU-sak 1/15 *Uttale i høve føreståande regionreform*, i FU sak 11/15 *Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2015* og i FU sak 5/16 *Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2016*

Ved delegering av nye oppgåver til regionalt nivå, vert det frå fylkeskommunen sin side forventa ein auke i dei økonomiske overføringane frå staten, slik at det kan byggast opp tilstrekkeleg kultur-minnerefagleg kompetanse og kapasitet i dei nye regionane. Før ein veit meir om omfanget av dei nye oppgåvene og korleis dette skal kompensera frå staten sin side, vurderer fylkesrådmannen det som vanskeleg å gjere vesentlege endringar i ressursbruken på kulturminnefeltet.

Forvaltninga av verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Urnes stavkyrkje har høg prioritert i kulturminnearbeidet i fylket. For Urnes er det utarbeidd forvaltningsplan for området rundt kyrkja (HK sak 58/12 *Forvaltningsplan for Ornes*) og i Nærøyfjorden er det utarbeidd både forvaltningsplan (FU sak 84/5 *Forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet, del av Vestnorsk Fjordlandskap*) og eigen restaureringsplan (HK sak 44/14 *Restaureringsplan for Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden*). Desse planane vert lagt til grunn for tilskotshandsaminga i fylkeskommunen og for våre innspel til arealplanlegging og utviklingsarbeid i verdsarvområda.

Fylkeskommunen deltek i Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap (fylkesordørar/fylkesvaraordførar) og det vert det arbeidd med å få på plass eit verdsarvråd på Urnes som skal erstatte dagens fagråd. Fylkeskommunen er også medstiftar i Nærøyfjorden Verdsarvpark (FU-sak 80/07 *Opprettning av Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark*) som har som føremål å koordinere og samordne den samla innsatsen for ivaretaking av verdsarvverdiane i Nærøyfjordområdet.

I Stortingsmelding 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste kap. 4.8.6, Sentre for verdensarven*, har regjeringa som mål at det ved kvar verdsarvstad skal etablerast eit autorisert verdsarvsenter. Fjordsenteret i Geiranger skal i utgangspunktet dekke Vestnorsk Fjordlandskap, men då det er stor geografisk avstand mellom dei to delområda, arbeider Nærøyfjorden Verdsarvpark for at det også skal oppretta eit autorisert verdsarvsenter i Nærøyfjordområdet.

Fylkeskommunen har sidan 2012 hatt eit eige prosjekt for å følgje opp kommunane sitt arbeid med kulturminneplanar (HK-sak 13/12 *Kommunesatsinga Lokale kulturminneplanar*). Alle kommunane våre har politiske vedtak på utarbeiding av slike planer. Mange har kome langt i planarbeidet og vi reknar med at om lag halvparten av kommunane vil ha ferdige planar i løpet av 2017.

Fylkeskommunen har ferdigstilt alle igangsette fredingssaker.

4. Konklusion

Fylkesrådmannen ser positivt på at arbeidet med delegering av oppgåver på kulturminnefeltet vert sett i samanheng med den føreståande regionreforma. Oppbygging av kulturminnerefagleg kapasitet og kompetanse til å ta imot nye oppgåver må likevel vurderast ut frå omfanget av delegeringa og korleis staten kompenserer oss for dei nye oppgåvene.

Brevet av 16.12.16 frå Riksantikvaren vert teke til vitende.